



Familien Vetrhus var godt representert under bokkafeen, her sit mona saman med bror Vermund og dottera hans Mina, som er 5. Lengst til høgre sit Lars Amund Vaage og skriv signaturer

**Mona har debutert med ei sterk og fin diktsamling. Det var Brageprisvinnar Lars Amund Vaage frå Sunde som gav diktdebutant Mona Vetrhus frå Uskedalen denne attesten under bokkafeen til Rosendal Bokhandel på Rosendal Turisthotell i ettermiddag.**

**Med det slutta han seg til den store skaren som har gjeve Mona positiv omtale. Ho kan så langt slå fast at alle meldarar har rosa ho for debuten og ho fekk ein overstrømmande mottaking også i Rosendal.**

Bokhandelen hadde gleden av å presentera 3 lokale forfattarar og ein fullsett kafe opna med Hanne Bramnes som har skreve dikt for barn. Dei har ho streva mykje med, innrømte ho.

Då ho introduserte Mona slo ho fast av uskedelingen har skreve om viktige ting, slikt som kan endre retningen på liva våre

Til uskedalen.no opplysar Mona at ho er igang med ei ny diktsamling men når dei nye dikta kjem mellom to permar veit ho ikkje. No er ho busett i Oslo og jobbar som frilans-journalist. Ho streka under at det var godt å veksa opp i Uskedalen sjølv om mange av dikta har eit ålvorleg tema.  
- Her er det kjekke folk, slo ho fast.

Det var ei gripande oppleving då Lars Amund Vaage las det første kapitlet i boka om den no 34 år gamle autistiske dottera si. Boka er både trist

og varm på same tid, fastslo den prisbelønte forfatteren som no har auka sin status enda nokon hakk.

Tekst og foto:Ola Matti Mathisen



[Mona les i Rosendal](#)